

# Uttale frå spansk språk og latinamerikastudium angående stillingar for 2016-budsjettet

I e-post av 15. april 2015 ber administrasjonssjefen fagmiljøa om å drøfta spørsmålet om trongen for stillingar for 2016-budsjettet. Spansk språk og latinamerikastudium tok opp saka på lærarmøtet den 6. mai i år, og formidlar med dette ynske om følgjande stillingar:

1. Me ynskjer at stillinga til María Álvarez-Solar, førsteamanuensis i latinamerikansk kulturkunnskap, vert lyst ut, då Álvarez-Solar går av ved årsskiftet. Kulturkunnskap er ein av tre likestilte disiplinar på spansk språk og latinamerikastudium, og det er styrken vår innan denne disiplinen som gjev oss vår klare og viktige profil som områdestudium. Det er difor viktig å oppretthalda styrken innan kulturkunnskap for slik også å oppretthalda profilen vår som områdestudium. Kompetansen vår på kulturkunnskap er unik i Noreg, og er ein nøkkel til rekruttering av studentar. UiB er den einaste institusjonen som har kulturkunnskap som obligatorisk del av bachelorgraden i spansk, og også den einaste der emna innan denne disiplinen vert underviste på spansk. I tillegg er vår kompetanse innan kulturkunnskap eit bruhovud til andre fag, som t.d. historie, samanliknande politikk og sosialantropologi, og ein inngangsport til tverrfaglege forskarsamarbeid. Det er vår fokus på kulturkunnskap som skil oss frå t.d. UiO, som gjer at me heiter latinamerikastudium og som gjer oss attraktive i konkurransen med andre institusjonar. At kompetansen vår er attraktiv ser ein tydeleg t.d. når ein ser på kva disiplin studentane vel å skriva bacheloroppgåve i. Våren 2015 er det 11 studentar som skriv innan kulturkunnskap, 5 i litteratur og 3 i språk. Våren 2014 var tilsvarande tal 18, 4 og 6. Faget ser det difor som heilt naudsynt at denne stillinga vert oppretthalden.
2. Me ynskjer å få ei 100% stilling i spansk fagdidaktikk. Ei slik stilling vil utvida vårt perspektiv og verkeområde og vil vera eit velkome og heilt naudsynt tilskott for at me skal kunna ivareta opplegg som det er vårt ansvar å ivareta, som t.d. lektorutdanninga. Det er svært synd at det enno ikkje er råd å ta lektorutdanning med spesialisering i spansk språk og latinamerikastudium, særleg sidan spansk er –og i mange år har vore– det største framandspråket i skulen, og det må vera ein prioritet å gjera dette mogeleg. Det viktigaste er då å auka ressursane våre innan fagområdet spansk fagdidaktikk. Instituttet har dessutan dei siste åra gjeve fleire PhD-stipend innan dette fagområdet, og fleire kompetente kandidatar er no ferdige eller i ferd med å verta ferdige. Det er ville difor vera naturleg at ein følgde opp dette med å lysa ut ei full stilling innan fagområdet spansk fagdidaktikk.

Bergen, 10. mai 2015

Beste helsing

Synnøve Rosales

Fagkoordinator for Spansk språk og latinamerikastudium